



Samla for å baka julekjes søndag kveld: Frå venstre Trude Hjørnevåg, Randi Nybakk, Janne Hjelmeland, Sara Arnesen og Mariann Hauso. (Foto: Anita Enæs)

Vil du vera med på julemarknad i Uskedalen 5. desember, spør Anita Enæs i Aktivitetshusets Damevenner

Julemarknaden er i år lagt til fredag 5. desember kl. 17.00 - 19.00. Anita held fram:

- Tradisjonen tru blir også julegrana tent denne dagen - det skjer klokka 17.00. Alle som vil vera med og delta, ha stand eller salgsbod må no melda seg til Aktivitetshusets Damvenner ved Janne Hjelmeland (95824652) eller Anit Enæs (99320878). Nokre er allereie påmeldt, men det er plass til fleire!

Aktivitetshusets Damevenner er allereie godt i gang med førebuingane - søndagskvelden var nokre av damene samla på skulekjøkenet for å baka julekjes som dei skal selja på julemarknaden.

Her var det både kokosmakronar, sandnøtter, pepperkaker og mange andre sortar! . Desse vil bli seld i gamleskulen der Damevennene også vil ha kafé under julemarknaden.

Som vanleg vil Damevennene også selje graut i kjellaren i Helgheim Oppe i Helgheim vil som vanleg skuilen få rigge seg til med sin del av marknaden - og så vidt vi veit er dei også allereie godt igang med sine førebuingar.

Vi satsar på at årets julemarknad blir en like stor suksess som foregåande år, og at folk kjem frå fjern og nær for å ha ein koseleg førjulsstund i Uskedalen denne kvelden. Kanskje kommer nissen i år også, seier Anita.

Av Ola Matti Mathisen

